



# Folkeuniversitetet litt smartere



# Landets største studieorganisasjon

- Folkeuniversitetet er den største tilbydaren i landet på kompetansebygging for vaksne. Årleg deltek omlag 20 000 på våre kurs- og utdanningstilbod over heile landet.
- 93% av deltakarane fullfører dei kurs og utdanningsløp dei startar på.
- Det er mogleg med skreddarsaum av kurs tilpass kunden sine ønskje og behov.
- Det er tilbod om kurs innan høgskule, fagskule, språkopplæring, fagbrev, VGS, Mesterutdanning, Kompetansepluss og mykje meir.



# Takk til kommunane for godt samarbeid!

Sidan deltakinga på regionrådsmøtet på Flå i juni 2021, har Folkeuniversitetet auka aktiviteten i Hallingdal. De har møtt oss med velvilje og vi har fått god forankring lokalt. HR og reinhaldsleiarane fortener ein ekstra takk. Det er deira ære at vi har lukkast så godt. Ein ekstra takk til Gol kommune for god fasilitering på studiet 2022/23

Kommunane har gjennom vårt samarbeid, fått tilført offentlege midlar til både leiarutvikling, språkkurs og fagbrev. Midlane har kome frå KS, IMDI og Kompetanse Norge.

## **2022 – totalt – kr. 620.000,-.**

1. OU-midlar frå KS til Arbeids- og org. Psykologi - Kr. 300.000,-
2. IMDI - Norsk A2 klippekort for Nesbyen Kommune - Kr. 160.000,-
3. IMDI – norsk-kurs på A2 nivå for Gol, Hemsedal og Ål kommune - Kr. 160.000,-

## **2023 – kr. 860.000,-.**

4. Kompetanse Norge – norsk A1 kurs for Flå, Gol, Hemsedal og Ål Kommune - kr. 150.000,-
5. Kompetanse Norge – norsk og fagbrev for Flå, Gol, Hol, Hemsedal og Nesbyen Kommune kr. 150.000,-
6. Personalpsykologi – KS har løyvd **kr. 400.000,-**. Her er det mykje att. Det er berre 10 av totalt 40 studieplassar som er nytta til no. 8 av Gol og 2 av Hol kommune. Nytt høve. Meld på dine.
7. IMDI-midlar for 2023. Her kan kommunane få eit kurs til 16 tilsette til ein verdi på kr. 160.000,-.
8. **Totalt sett har vårt gode samarbeid bidrege til at kommunane i Hallingdal har fått tilført kr. 1.480.000,-.**

# Leiaropplæring - 60 studiepoeng

Arbeids- og organisasjonspsykologi –30 STP.

– Starta på Gol i fjor haust. 34 deltok. Stor suksess

- Personalpsykologi 15 STP - Oppstart på Gol laurdag 02. og søndag 03. september – det er god plass til fleire deltakarar. Det har blitt løyvd kr. 400.000,- frå KS til 40 deltakarar frå kommunane i Hallingdal.

- Motivasjonspsykologi 15 STP - Oppstart på Gol i januar 2024



# Masterutdanning i Hallingdal?

1. I samarbeid med UiB og kommunane i regionen, vil Folkeuniversitetet kunne tilby eit lokalt masterprogram over 4 år på Stord retta mot barnevernet frå hausten 2025. Dette vil de få meir informasjon om til hausten.
2. Opplæringa skal dekke behovane kommunane blir pålagt gjennom barnevernsreforma frå 1.1.2022,

Les meir om reforma hos regjeringa og BUF-Dir her:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/na-trer-barnevernsreformen-i-kraft/id2893511/>

<https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/barnevernsreformen/>

# Midlar frå IMDI er på plass

1. Om kommunane i Hallingdal ønskjer, vil de kunne få tilgong til meir midlar frå IMDI til å setje i gong norskopplæring for tilsette innan helse og reinhald i kommunane. Folkeuniversitetet har søkt i vår og fått ca ein million i rammetilskot. Desse midlane skal omsetjast i kurs retta særleg mot kommunal sektor.
2. Vi kan gjerne tilby oss å setje opp eit nytt kurs til hausten. Der blir det plass til 15 tilsette på norsk A2 nivå. På sikt vil dette kunne aukast med eit kurs til – om det skulle vere behov.
3. Kommunane må dekke utlegg til lærebøker og bidra med å finne lokale lærekrefter t.d. frå vaksenopplæringane. Kursdeltakarane får 80 timar med opplæring til ein verdi av kr. 10.000,- pr person.
4. Dei som deltek vil på sikt kunne få høve til å ta fagbrev om vi i lag med kommunane søkjer midlar til Kompetanse Pluss Fagbrev frå Kompetanse Norge /HK-Dir med frist i mars 2024.

# Prosjektleiing – PLP metoden

Prosjektleiing er meir aktuelt enn nokonsinne. Vårt kurs over 4 dagar har som mål å gje deltakaren innføring i eit vel utprøvd verktøy for prosjektutvikling og -styring. PLP-metoden. Metodikken er ein kjend og mykje nytta metode og byggjer på fire sentrale prinsipp for god prosjektleiing:

1. Oppbygging,
2. Organisering,
3. Avgjerdsprosess
4. Oppfølging og kvalitetssikring.

Første samling går over to + to dagar enten på hausten eller om våren og kurset er på totalt 28 timar.

Forelesar: Kommunedirektør i Bremanger, Tom Joensen.

# Fagskule – nytt tilbod.

Folkeuniversitetet er akkreditert av NOKUT og har no tilbod om fire ulike fagskuleutdanningar, fleire går via digitale flater:

1. Helsefag
2. Ledelsesfag
3. Logistikkfag
4. Regnskapsfag

Fagskoleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning, som er etterspurt i arbeidslivet. Utdanninga gir studiepoeng. Folkeuniversitetet sin fagskole tilbyr fleksibel utdanning over hele landet. Undervisninga går på deltid og kan kombinerast med arbeid. Frist for å søke via samordna opptak er 20 april. Meir informasjon på [www.folkeuniversitetet.no](http://www.folkeuniversitetet.no)



# Kontakt oss for tilbud

Reidar Brandsberg, senior bedriftsrådgjevar

E-post: [reidar.brandsberg@folkeuniversitetet.no](mailto:reidar.brandsberg@folkeuniversitetet.no)

Telefon: 92 05 24 65

Sjå våre nye nettsider på [www.folkeuniversitetet.no](http://www.folkeuniversitetet.no)